

Robuste, færre og større

– Den varsla kommune-reformen skal styrke lokaldemokratiet og setje kommunane i endå betre stand til å løyse grunnleggende oppgåver, sa ordførar Charles Tøsse som ein av innleiarane på folkemøtet i Stordal torsdag.

Randi Flø
randi@storfjordnytt.no

Reformen skal gjere kommunane meir robuste gjennom at det vert færre og større kommunar. Ein gjennomgang av oppgåvene til kommunar, fylkeskommunar og staten skal gi meir makt til det lokale. Tøsse understreka at det er eit ekspertutval som har kome med framlegg om at dei fleste kommunar bør ha mellom 15.000 og 20.000 innbyggjarar.

Kva regjeringa meiner, vil vi få vite gjennom proposisjonen som blir lagt fram 14. mai. Ein slutt-rapport er venta i desember.

– Vi kan ikkje late att augene i Stordal heller, vi må setje oss i førarsetet, no har vi starta ein prosess gjennom dette folkemøtet, sa han.

Sterkere lokaldemokrati

Fylkesmann Lodve Solholm sa at kommunereformen skal sikre eit sterkare lokaldemokrati, det skal samsvare betre med naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar. Han viste til at interkommunale selskap har auka, noko som fører til at mykje av politikken vert flytta ut av kommunestyra og inn i styra til desse selskapa. Ei stor utfordring i tida som kjem er folketalsutviklinga og arbeidsinnvandring. Det er venta at kommunane skal ha kompetanse innan tenesteproduksjonen, alle små kommunar kan ikkje ha all den kompetansen som krevst. I samfunnsutviklinga går det meir

og meir mot digitale løysingar, folk er sjeldan innom rådhuset.

Solholm understreka at Fylkesmannen si rolle er å passe på at nasjonale vedtak vert følgde, det er ikkje hans oppgåve å vere tverr og vanskeleg, han skal vere ein medspelar til å gjere kvardagen i kommunane enklare.

Han viste til at kommunane si rolle er å vere ein demokratisk arena, tenesteytar, samfunnsutviklar og myndigheitsutøvar.

Rolle

I arbeidet med den nye kommunereformen har fylkesmannen fått ei rolle, i Møre og Romsdal er det oppretta eit forum under namnet “Tenketanken”, der dei har sett i gang ein prosess. Solholm meinte at då det vart forsøkt å setje i gang ei endring av kommunestrukturen for ti år sidan, vart sjølve prosessen feil.

– Det er viktig at vi i fellesskap får til gode prosessar som vil gi gode løysingar. I 2019 trur eg ikkje vi sit att med 36 kom-



Innleiarar på folkemøtet. Frå venstre: Fylkesmann Lodve Solholm, Jan Kåre Aurdal og Charles Tøsse.

munar i Møre og Romsdal som i dag, men å gå så langt som å dele fylket opp i fire kommunar, trur eg er i meste laget, sa Solholm og la til at 14. mai vil dei første politiske signala om kommunereformen kome. Han hadde ikkje tru på at Sanner vil sitje i Oslo og teikne det nye kommunekartet og oppmoda til å begynne å tenkje kva ein ønskjer og kven ein ønskjer å vere i lag med.

Sluttrapporten kjem i desember med oppgåvefordeling. Stortingsmeldinga kjem våren 2015

med forslag til nye oppgåver til robuste kommunar.

Jan Kåre Aurdal orienterte forsamlinga om Sunnmøre Regionråd og deira rolle i prosessen. Dei vil legge til rette for gode lokale og regionale prosessar. Regionrådet vil vitje alle kommunar og mest sannsynleg kome med ei brukarundersøking.

– Denne gongen kjem det til å skje noko, men at det blir mellom 15.000 og 20.000 i kvar kommune tvilar eg på, sa Aurdal.

Mange engasjerte stordalingar

– Utover, ikkje over fjorden og ikkje innover. Det var den klare budskapet frå eitt av borda under gruppearbeidet på folkemøtet om kommunereformen i Stordal torsdag.

Randi Flø
randi@storfjordnytt.no

Både framlegginga av stikkord frå gruppediskusjonen og ordet fritt etterpå viste at her er debatten i full gang. Gjennomgåande for folkemeininga er skepsis mot kommunesamanslåing, i tilfelle det blir noko av, er det utover på nordsida av fjorden dei fleste ønskjer seg.

Oppsummeringa frå gruppearbeidet viste også at dei fleste er opptekne av at det offentlege tenestetilbodet ved ei samanslåing av kommunar må bli minst like godt som det er no og at lokaldemokratiet og lokal råderett må vere like sterkt.

– Vi må bli høyrd, sjølv om vi er små og ikkje berre høyrst ut som ein måse, sa Jarl Anders Hjelle.

– Lokomotivet må evne å sjå heilskapen og ha med seg alle vognene, oppsummerte Bjørn Busengdal.

Oppgåvefordeling

Under innleiingane kom det fram at regjeringa planlegg å fastsetje oppgåvefordelinga mellom stat og kommunar etter at kommunestrukturen er fastlagd. Dette var det mange som retta ein peikefinger imot.

Hallgeir Hove viste til at det



Rundt borda vart det stort engasjement. Frå venstre: Olaus Overøye, Einar Kåre Hove, Asgeir Hovde og Marie Flåen Hovde.

er fleire ekspertar i Norge som har ei meining om kommunane og han syntest det er viktig å ha med seg at det er ulike syn på korleis norske kommunar blir drivne. Han spurde kvar det er folk trivst best og viste til fleire konklusjonar der det er dei små kommunane som kjem best ut, han var også bekymra for den stordalske identiteten og sa at han ønskjer at Stordal skal bestå som eigen kommune i tida framover.

Eva Hove meinte ein er i ferd med å skape eit inntrykk av at det må vere stort for å vere funksjonelt. Ho hadde ikkje tru på at det lokalpolitiske engasjementet aukar med større kommunar. Både når det gjeld omsorgstener og skule viser det seg at det er folk i små kommunar som er best nøgde.

– Eg trur at det blir endra kommunegrenser, men det må vere gode samfunnsmessige argument, sa ho.

Hove såg også på det som eit stort minus at oppgåvefordelinga ikkje blir bestemt før kommunegrensene. Ho var også redd for ei forvitring av den lokale identiteten.

Marie Flåen Hovde tok føre seg samarbeidet om legevakt i ein stor kommune, til dømes Stordal, Norddal, Sykkylven og Stranda og meinte så store avstandar kan få alvorlege konsekvensar.

Vil få til

– Om det er noko vi vil få til, så ordnar vi det, sa Per Ivar Skodjereite og viste til alpenseret som døme, der kommunen gjekk inn med garanti. Han meinte at

noko slikt aldri hadde vorte realisert i ein stor kommune.

– Eg har ei kjensle av at ein av intensjonane er å spare pengar. Det er ikkje utenkjeleg at også store kommunar kan få økonomiske problem, då er nedlegging av dei minste skulane gjerne det ein tyr til først. Dei aller fleste kommunane her er bankerott, dei store er ikkje betre enn dei små. Dei få som har pengar att, føler at dei må drikke dei opp før nokon kjem og tek dei frå oss, sa han.

Bjørn Moltu etterlyste at ein av innleiarane til møte burde ha vore imot kommunereformen, ho ville dessutan at det skal vere ei folkerøysting som vert avgjerande for om det blir samanslåing eller ikkje.

Roger Lillebø hadde vanskar med å forstå korleis ein skal få

ei sterk eining ved å slå saman fleire svake, han kunne heller ikkje forstå korleis ein skal få auka lokaldemokrati med å minske talet på representantane.

Vil skje

Bjørnar Midtbust var overtydd om at det vil skje noko med kommunestrukturen. Han viste til at Stordal har ei anna utfordring og det er arbeidsplassar. Arbeidet med vekstkommune er heilt avgjerande.

Knut Hove viste til ein debatt i kommunestyret då Stordal var saman med Ørskog og Skodje, der eitt av argumenta var at dei som bur i Stordal gjer det av eigen fri vilje, det er ingen som har bede dei om det.